

**Tysvær Kommune
Rådhuset
5570 Aksdal**

Sakshandsamar: Anne Dagsland

postmottak@mod.dep.no

Høyringsuttale fra Tysvær Kommune – kommunenummer 1146

Utgangspunkt for høyring : Høyringsbrev – endringar i regelverket for offentlege anskaffingar. Høyringsmottakar er Moderniseringsdepartementet

Bakgrunn/faktiske opplysningar:

Alle kommunar, offentlege etatar/virksomheter er gjennom lov og forskrifter pålagt å følgje gjeldande regler for offentlege anskaffingar. I hovudsak betyr dette at anskaffingar skal konkurranseutsetjast. Moderniseringsdepartementet sendte i april 2005 ut høyringsbrev til kommunar, fylkeskommunar og departement vedrørande endringar i regelverket for offentlege anskaffingar. I høyringsnotatet er forslag til ny ”*forskrift om offentlige anskaffelser*”, samt forslag til endringar i ”*lov om offentlige anskaffelser og forskrift om klagenemnd for offentlige anskaffelser*”

Bakgrunn for endringane er dei nye EU-direktiva, kor ein fokuserar på å få meir igjen for offentlege midler gjennom *auka konkurranse* og ved å *forenkla* deler av regelverket for offentlege anskaffelser og gjera det *meir tilgjengeleg* for brukarane.

Det blei lagt opp til ein prosess kor departementet ba KS og kommunar/fylkeskommunar og andre brukarar av regelverket om å gje innspel. Departementet oppnevnte ei ekspertgruppe av innkjøparar og jurister som har kvalitetssikra forslaga som no vert presenterte. Asplan Viak har stått for evalueringa av eksisterende regelverk for offentlege anskaffingar.

Vurdering:

Under EØS sine terskelverdiar står myndighetene i utgangspunktet fritt til å bestemme reglane som skal gjelde innanfor offentlig anskaffing. Departementet har invitert til ein prosess med ferdig formulerte problemstillingar i henhold til eksisterande forskrifter.

Innkjøps samarbeidet på Haugaland har tidlegere saman med Sunnhordland Interkommunale Innkjøpsforum gitt tilbakemelding til KS sitt innkjøpsforum KSI om kva for endringar som burde bli tatt med i det nasjonale regelverket for offentlege anskaffingar.

Utgangspunktet for regelverket bør vera auka verdiskaping, å sikra effektiv ressursbruk og lik handsaming av leverandørane.

Tilbakemeldingar frå leverandørane viser at regelverket for offentlege anskaffingar er for komplisert. Spesielt mindre lokale leverandørar opplev regelverket byråkratisk, med store

krav til formalitetar og dokumentasjon på relativt små innkjøp/avtaler. Regelverket bør ikkje vera ein uoverstigeleg terskel for å kunne gi tilbud til det offentlege. Innkjøpsregelverket bør tvert imot setja leverandøren i stand til å vera innovativ og nyskapande, og vera ein stimulans til å gi tilbud.

Det har tradisjonelt vore små ressursar i kommunane til å sikre og styrke det innkjøpsfaglege miljøet. Det er difor vanleg at innkjøpsfunksjonen blir organisert regionvis. På Haugalandet har ein 10 kommunar som samarbeider om innkjøp, Sunnhordaland har 5, Hardanger 6 osv. Etablering av innkjøpssamarbeid ivaretek i hovudsak større innkjøp over EØS-terskelverdi (for tida over 1.8 mill. kroner).

I dag er det i forskriftsform eit eige kapittel om nasjonale reglar for kjøp under EØS-terskelverdi. (Forskriftene del III). Det bør vurderast om vi treng **nasjonale særreglar** for innkjøp. Slik forskriftane er i dag, er dei med på å komplisera regelverket.

Terskelverdier:

Innkjøpet skal skje etter konkurranse og likehandsaming, uavhengig av storleik, men kunngjøringsplikta og prosedyrane er meir formaliserte og betydeleg meir arbeidskrevjande ved større innkjøp.

Terskelverdiane for vare-/tenestekjøp i dag:

Under kroner 200.000,-

Innkjøpsprosedyre: Innkjøp direkte etter pristilbud fra minst tre leverandører.

Mellom kroner 200.000,- og kroner 1.800.000,-

Innkjøpsprosedyre: Innkjøp etter anbuds konkurranse, nasjonal utlysning, formelle krav til utlysning, frister, prosedyrer etc.

Over kroner 1.800.000,-

Innkjøpsprosedyre: Innkjøp etter anbuds konkurranse, utlysning i EU-område i tillegg til nasjonal utlysning. Innkjøpsprosessen tar lengre tid, med blant annet utlysingsfrist på 52 dager.

** Den nasjonale terskelverdien er foreslått auka frå kr 200.000,- til kr 500.000,-.*

En ser dette som ei forenkling og effektivisering av innkjøpa. Intensjonen er at alle innkjøp skal skje etter konkurranse. Dette må kunne gjerast enkelt med standarddokument. Det bør vurderast ytterlegare auke av nasjonal terskelverdi til kr. 1.800.000,-.

Tilrettelegging for moderne innkjøpsprosessar:

Ei omlegging av regelverket, for å kunne nytte moderne elektroniske metodar i innkjøpsprosessane ser ein på som positivt..

Forenkling av regler:

Ei meir pedagogisk oppbygging av regelverket er positivt. Forskriftane må bli enklere og meir anvendelige for partane i innkjøp, og gje mindre rom for juridiske tolkingar.

Innføring av overtredelsesgebyr mot ulovlig anskaffelser:

Dette utspillet bør vurderast grundig. Myndighet til å ileggje gebyr er foreslått KOFA (klageorganet for offentlige anskaffelser). Vil en ha eit nytt organ i Norge med fullmakt til å bøteleggje?

KOFA har til no vore rådgjevande i tvistesaker, og bør fortsetje med å vera eit upartisk organ. Tysvær kommune ynskjer ikkje overtredelsesgebyr i samband med anskaffingar..

Protokollplikt for alle anskaffingar over kr. 50.000,-

Det bør ved alle innkjøp over en viss storleik liggje føre dokumentasjon for kjøpet, der ein til dømes grunnjer val av leverandør. Ein slik protokoll må vera enkel å fylla ut og bestå av standardformularer. Tysvær kommune ynskjer ikkje eit større byråkrati i høve til utvida protokollplikt.

Universell utforming:

Skal sikre at personar med nedsatt funksjonsevne får auka tilgang til innkjøpsprosessane. Tysvær kommune imøteser departementet sin generelle veileder.

Klagar:

Ein kvar kan klaga på vedtak sjølv om han ikkje er ”part”, og det skal ikkje lenger krevjast gebyr for å klage.

Tysvær kommune meiner at ein må vera part i saken for å ha rett til å klage, anna kan lett føra til misbruk. Gebyret for klage til KOFA bør setjast opp fra kr. 855,- til kr. 20.000.- og klagar må kunna krevje om å få tilbakebetalt gebyr i de tilfella han får medhald hos KOFA.

Konklusjon:

Tysvær kommune ser i hovudsak dei sentrale punkta i høyringsutkastet som relevante:

- Heving av nasjonal terskelverdi
- Tilrettelegging for moderene innkjøpsprosessar
- Meir pedagogisk oppbygging av forskrifter

Fare ved bruk av overtredelsesgebyrer:

Ein kan risikera at kommunar med kan få krav mot seg på opp mot 15% av kontraktsverdien. Gebyret kan fort bli mange hundre tusen kroner. Små kommunar som ikkje kan oppretta eigne stillingar som innkjøparar , kan lett bli skadelidande.

Rettslig prøving av gebyrvedtak for domstolane vil pressa eit alt overbelasta rettssystem ytterlegare.

Auka bruk av rådgjevarar gjer auka transaksjonskostnader ved anskaffingar i offentlig sektor.

Aksdal, 24. juni 2005

Arne Jensen
rådmann

Tor Leif Helgesen
økonomisjef

